

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 16/9515-3

## **Omklassifisering av eksisterande E16 frå europaveg til kommunal veg i samband med bygging av ny E16, fråsegn**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune tilrår at dagens E16 på strekninga Slæn i Voss kommune til Hylland i Aurland kommune vert omklassifisert til kommunal veg når ny tunnel på E16 vert opna – då på følgjande vilkår:

- 1 Statens vegvesen kan akseptere at delar av den aktuelle strekninga med tilhøyrande tunnelar kan bli stengde ved ei omklassifisering og at denne strekninga dermed ikkje kan nyttast i ein beredskapssituasjon.
- 2 Statens vegvesen må sikre tilkomst til den verna riksvegen (Stalheimskleiva).

### Vedlegg:

1. Høyringsbrev frå Statens vegvesen
2. Brev til kommunane Aurland og Voss

Andre dokument som ikkje ligg ved:

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

I samband med bygging av ny E16 på strekninga Slæn i Voss kommune til Hylland i Aurland kommune har Statens vegvesen varsla at den eksisterande vegstrekninga mellom Slæn og Hylland skal omklassifiserast, jf. veglova. Statens vegvesen føreslår at denne strekninga på 9,8 km vert omklassifisert til kommunal veg når ny vegtrasé i tunnel er ferdig.

Etter veglova § 7, 1. ledd er det departementet som fattar endeleg vedtak om omklassifisering eller nedlegging av riksveg. Kommunen og fylkeskommunen der riksvegen ligg skal få gje uttale før endeleg vedtak vert gjort.

Statens vegvesen vurderer at vegen sin funksjon etter opning av ny tunnel blir primært som lokal veg. Vegen vil knyte saman kommunale vegar i området, og vil fungere som lokal tilkomstveg til bustader og verksemder. Statens vegvesen uttaler samstundes at heile vegstrekninga bør haldast open som offentleg veg etter omklassifisering, av omsyn til det lokale transportbehovet i området og problemstillingar med skredfare. Vegen kan og nyttast som beredskapsrute om tunnelen til ny E16 må stengast, og som sykkelrute.


Statens vegvesen tilrår at vegen frå nytt kryss til Stalheim i Hordaland fylke til nytt kryss ved Hylland i Aurland kommune vert omklassifisert frå europaveg til kommunal veg. Vegen vil etter omlegging knyte saman eksisterande kommunale vegar i området, og vil i hovudsak fungere som lokal tilkomstveg til bustader og verksemder langs vegen.

På bakgrunn av Statens vegvesen si vurdering av kva som bør vere ny status på eksisterande E16 og innspel frå dei råka kommunane, ber Statens vegvesen om at Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune uttalar seg i saka.

#### Sentrale problemstillingar

Bakgrunnen for vegvesenet si tilråding er m.a. at transportbehovet på eksisterande E16 vil endre seg når ny E16 vert opna. Frå å vere ei viktig transportåre mellom aust- og vestlandet vil vegen bli ein lokal veg til grender med spreidd busetnad, og til næringsverksemdar.

Statens vegvesen viser til at Nærøydalen er eit internasjonalt reisemål som også er verdskjent på grunn av verdsarvstatusen. Ovanfor Stalheimskleiva ligg Stalheim hotell som er ope sommar-halvåret. Stalheimskleiva er verna riksveg og skilta som ein del av dagens E16.



Ny trase for E16 mellom Slæn og Hylland og eksisterande E16 som skal omklassifiserast.

Kommunane Voss og Aurland har gjeve fråsegner til forslaget. Begge rår frå at vegen skal verte kommunal.

#### Aurland kommune

Formannskapet i Aurland går imot at E16 på strekninga Slæn - Hylland vert nedklassifisert til kommunal veg i Aurland kommune i samband med bygging av ny E16 i området. Kommunen argumenterer med at vegstrekninga er svært utsett for ras og at vegen vil ha funksjon som omkøyringsveg ved stengt tunnel på E16. Kommunen ser det som urimeleg å bli påført ei økonomisk byrde ved å overta ei vegstrekning utsett for ras og som elles fører fram til nasjonale turistattraksjonar som Stalheimskleiva og Sivlefossen.

#### Voss kommune

Voss kommune viser til at den gamle Jordalsvegen er stengt og at ny Jordalsveg har avkøyring frå E16 i Aurland kommune. Det ligg tre private vegar som avkøyring til E16 nedom Stalheimskleiva i Voss kommune. Voss kommune har ein parsell frå Slæn til Stalheimsvegen (om lag 1

km øvst i traseen) som eventuelt vi vere nødvendig for å binde saman det kommunale vegnettet. Resten av eksisterande E16 har ikkje samband med kommunalt vegnett i Voss.

Også Voss kommune går i mot nedklassifiseringa og vil ikkje overta den aktuelle vegstrekninga med tunnelane og det rasfarlege mellompartiet. Voss kommune har signalisert at dersom det skulle bli ein realitet med overtaking, så har kommunen berre behov for den øvre delen av parsellen frå kryss Slæn til kryss Stalheimsvegen – ei strekning på vel 1 km. Voss kommune meiner dei ikkje har moglegheit, verken økonomisk eller praktisk, til å halde oppe tunnelane med det rasutsette mellompartiet. Dersom kommunen må overta vegen vil dei måtte stenge og plombere tunnelane og delar vegstrekninga.

Voss kommune viser til argumentasjonen i høyringsbrevet om at vegen er viktig i ein beredskapssamanheng som omkøyringsveg for den nye tunnelen som er under planlegging. Kommunen viser også til at Stalheimskleiva med Sivlefossen, som er open for ferdsle sommarhalvåret har tilkomst frå dagens E16. Voss kommune meiner det ikkje rett å overføre ansvaret for dagens E16 til kommunane når ny E16 i tunnel vert realisert på strekninga mellom Slæn – Hylland. Kommunen har heller ikkje økonomi til å ta dette ansvaret.

#### Andre opplysningar

Fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune tilrår at gamlevegen på E16 på strekninga Slæn i Voss kommune til Hylland i Sogn og Fjordane og Aurland kommune vert omklassifisert til kommunal veg når det vert opna ny tunnel på strekninga mellom Hylland og Slæn.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Når ny E16 vert opna, vil dagens E16 på strekninga Slæn – Hylland få ein endra funksjon. Den vil ikkje lenger ha funksjon som riksveg, men den vil knyte saman private og kommunale vegar og eigedomar til kommunane sitt vegnett. Ei slik endring av funksjon på denne vegen tilseier omklassifisering til kommunal veg.

Av omsyn til lokalt transportbehov, skredfare, beredskapstrase ved ev. stenging av ny tunnel og som sykkelrute, meiner Statens vegvesen det er ønskeleg at heile vegstrekninga vert halde open som offentleg veg. I den samanheng viser fylkesrådmannen til uttale frå Voss kommune, som kjem til å stenge og plombere tunnelane og delar av den aktuelle vegstrekninga dersom vegen vert kommunal veg. Funksjonen som m.a. beredskapsveg og lokal tilførselsveg vil dermed ikkje vere til stades. Dersom Statens vegvesen kjem til at dette ikkje er akseptabelt i høve til beredskap, meiner fylkesrådmannen at vegen bør vidareførast som riksveg.

## **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen vil tilrår at dagens E16 på strekninga Slæn i Voss kommune til Hylland i Aurland kommune får endra funksjon til kommunal veg når ny tunnel på E16 vert opna. Det må vere eit vilkår for slik nedklassifisering at Statens vegvesen aksepterer at dagens tunnelar kan bli stengde av Voss kommune og at denne strekninga ikkje kan nyttast i ein beredskaps-situasjon. Det må også vere eit vilkår at Statens vegvesen sikrar tilkomst til den verna riksvegen (Stalheimskleiva).